

Notat, Kommunikasjonsgruppa for E16 (KG).

Gruppas mandat:

Gruppa vart oppretta etter saksframlegg frå dagleg leiar i VNK. Kommunikasjonsgruppas mandat: (Vedtak [RS 101 /17](#))»

1. Regionstyret set ned ei arbeidsgruppe med fyljande mandat: Synleggjere E16 sine kvalitetar overfor vegbrukarane og utøve kommunikasjon rundt dette.
2. Regionstyret nemner opp fyljande gruppe: Vidar Eltun, leiar Erik Engelian, nestleiar Guttorm Tysnes, medlem Lene Hovi, kommunikasjonsansvarleg Jørand Ødegård Lunde /Arne Bang, medlem er sekretariat.
3. Arbeidsgruppa rapporterer til Regionstyret

Regionstyret ga utvida mandat for arbeidsgruppa: (RS [RS 5/18](#)) «

1. Synleggjere E16 sine kvalitetar overfor vegbrukarane og utøve kommunikasjon rundt dette.
2. Bidra til at E16 blir fullført i tråd med Regionstyret sine vedtak. Herunder: Legge til rette for arbeid med oppfølging av Vegdirektoratets handlingsprogram 2018-29 (23) – arbeide mot statsbudsjettet dei ulike åra, slik at våre prosjekt blir prioritert.
3. Arbeidsgruppa skal rapportere til Regionstyret.»

Gruppa fekk ansvaret for å følgje opp Fullføringsplan med følgjande vedtak RS sak [71/-18](#):»

1. Regionstyret slutter seg til det framlagte utkast til arbeids- og framdriftsplan for E16 gjennom Valdres.
2. Regionstyret ber «Kommunikasjonsgruppa for E16» følge opp planen, og legge fram endringsforslag og andre viktige spørsmål for regionstyret.»

Om arbeidet i gruppa:

Arbeidet med E-16 er ein kontinuerleg prosess som krev samhandling med ulike partar for å lukkast, ikkje minst på det strategiske planet. Under arbeidet med Nasjonal Transportplan for 4 år sidan var det ulike utgangspunkt for kva og korleis ein skulle prioritere på eit nivå som gjorde arbeidet vanskeleg. Visit Valdres ynskte ei deling av Fagernes S – Hande prosjektet, noko ordførarkollegiet den gong var sterkt imot. NLF og NHO Innlandet hadde Valdres for liten kontakt med, det vart òg svært synleg i arbeidet inn mot NTP. E 16 var mest usynleg i SVV si aust vest analyse og Fagernes S-Hande fall ut av NTP. Hovudårsaka til det siste var kostnadsbilde til prosjektet, det vart dyrt.

Det vart i etterkant av denne erfaring naudsynt å finne ein arena for dialog og praktisk arbeid for å nå felles mål, utbygging av E16. I 2016 hadde me eit samarbeid med Oppland fylke det gjalt strategisk arbeide med kommunikasjon for E16. Structorrapporten vart eit synleg produkt av dette samarbeidet.

Som resultat av arbeidet i gruppa samt samarbeidet mot SVV i og fylket har tanken om ei fullføringsplan modnast og vorte utvikla. Arbeidsgruppa har i sitt arbeid bidrege til utvikling av argumentasjon, og forankring av bodskap mot dei som deltek. Bodskapa i årets NTP prosess er samkøyrt på ein annan måte enn det var for 4 år sidan. Kommunikasjonsgruppa har òg bidrege med innspel mot media sidan dei starta, dette for å påverke omtalen av vegen. Dialogen om Fagernes S-Hande kom smått i gang at ved samferdselsministeren sitt besøk i Valdres 19. mars i 2018, også her spela KG ei rolle i få dette til.

Gruppa har hatt ei rolle i ulike samanhenga, slik som i å førebu møter med politikarar og andre, eksempelvis slik som møtet med leiar i TKK Helge Orten i samband med tunnelopningi Bagn og i å arrangere debatten i Kvitvella kino under valkampen, der samlege fylkesparti møtte.

Politisk deltaking i gruppa:

Kommunikasjonsgruppa E16 består etter sist val av: Vidar Eltun, ordførar (leiar), Haldor Ødegård, ordførar, Knut Arne Fjelltun, ordførar, Eivind Brenna (VV) (ny etter Erik Engelién), Guttorm Tysnes (NLF), Lene Hovi (kommunikasjonsansvarlig), Jørand Ødegård Lunde /Arne Bang (medlem og sekretariat). Haldor Ødegård er òg medlem av Samferdselsutvalet i fylkeskommunen.

Det har vore eit spørsmål kor mange av ordførarane som skal delta i dette arbeidet, i starten var det ein, so vart gruppa utvida til å gjelde dei tre ordførarane som har arbeid på E16 i si kommune. Arbeidsoppgåvene i RS har vor delt på fleire områder der enkeltordførarar tek tak i einskildoppgåver etter mandat frå organet. Dette kan vera krevjande, og ein må heile tida ha nødvendig dialog med RS kollegiet. Arbeidet har vore organisert slik då ein har kunne ha mindre formelle arbeidsmøte og invitere inn ulike bidragsytarar til å innleie til debatt og gå i djupna på saker i prosess. Arbeidsmøte med heile RS er i utgangspunktet offentleg møter som skal kunngjerast i tråd med lovverket. Dersom ordførarane møtast samla er det eit offentleg møte og det vil ikkje ha same form og dynamikk med dei samhandlande partane som arbeidsmøta i KG har hatt.

Vurdering:

Gjennom denne prosessjobbinga i KG har me lukkast med å sameine gode krefter i eit felles budskap. Guttorm Tysnes i NLF som er med i KG no er leiar Vegforum Innlandet og er godt samstemt med NHO i arbeidet med vegprioriteringar. Gruppa er på mange måtar ei sterk rådgjevargruppe for dagleg leiar i VNK, gjennom gruppa får dagleg leiar tilgang til informasjon òg kunnskap som styrkar arbeidet. Framover er det viktig å oppdatere fullføringsstrategien med dei endringar som til ei kvar tid skjer og forankre arbeidet hjå dei ulike partane som påverkar vedtaka framover. Dagleg leiar vil på administrativt nivå ha trong til eit nettverksarbeid framover òg.

Forankring ligg i mandatet som er gjeve. I sak 71-/-18 var oppfølgingsansvaret for Fullføringsplan gjeve KG. KG må heile tida ha nødvendig dialog med RS kollegiet. I hovudsak meiner dagleg leiar i VNK at dette har fungert godt. Det kan likevel vera rett å understreke at KG ikkje har vedtaksrett i E16 saker, berre eit oppfølgingsansvar og eit ansvar for kommunikasjon.

Ordførarkollegiet har stått samla lenge før enn KG vart oppretta, endringa med KG er sterkare alliansar mot næringsliv og aktørar med ei sterk stemme i vegsaker.

Moment til drøfting:

- Oppfattar Regionstyret at gruppa har bidrege til målsettinga om å fullføre E16?
- Kven deltek politisk i ei slik gruppe? Ein ordførar eller fleire?
- Dialogen og samhandlinga med Regionsstyret, er den god nok?

20. mai 2020

Jørand Ødegård Lunde